



STORSATSING: Torstein Holsvik leier Cruise Services. Han satsar stort på reiseliv saman med Roger Halsebakk, Frode Kjølås og Kåre Molvær (innfelt). Her er Holsvik framfor katamaran frå tysdag av er klar til å frakte 200 cruisepassasjerar frå Ålesund og rundtom på Sunnmøre.

Foto: Kjetil Haanes

Sunnmørsk storsatsing på reiseliv



Kjetil Haanes

16.07.2019 05:56



Med solid Sunnmørs-kapital i ryggen, skal Cruise Service verte store på reiseliv. Nye nett.no-overskriftene har fått sitt nye navn på Stranda.

- Ja, planen er å verte ein stor reiselivsaktør, seier dagleg leiar Torstein Holsvik i Ålesund-baserte Cruise Service.

Sjølvsatsar han ein del av gevinsten på salet av dykkerselskapet Frøy Service på reiseliv.

- Vi meiner det er rette tidspunkt til å satse litt skikkeleg.

Tunge aktørar

Holsvik bur i Hovdebygda, og han har bak seg andre aktørar som har kapital og vilje til å satse, slik som Sølvrans-direktør Roger Halsebakk, tidlegare Optimar-medeigar og Stranda-investor Frode Kjølås og

Annonse



[SJÅ ALLE HER >](#)



Molver Marine—direktør Kåre Molvær frå Langevåg.

Molvær er utdanna kokk og har mange års erfaring fra Hurtigruten som restaurant-, hotell- og personalsjef. Han har mange år bak seg i Sølvrans som mannskapssjef, og dei to siste åra hadde han stillinga som operativ sjef.

No har investorane også engasert Ina Eldøy for å samspele dei ulike initiativa.

- Eit nytt industrieventyr

Eldøy har mange års erfaring frå reiseliv i inn- og utland, ho har drive hotell, bygd destinasjonsselskap og leia merkevarebygginga til Avinor.

Eldøy er utdanna økonom med strategi som spesialfelt, og er no på veg tilbake frå Oslo til Sunnmøre for å samspele Cruise Service med dei andre initiativa til investorane.

- Det er spennande å få vere med på å byggje eit nytt industrieventyr saman med gründerar som har lukkast med dette før, seier Eldøy.

Populær fjordabåt

Selskapet starta i det små i fjor etter kjøpet av den 70 år gamle fjordabåten Bruvik.

Med denne båten har ein frakta cruiseturistar frå Ålesund til Geirangerfjorden og Hjørundfjorden.

I tillegg har ein arrangert turar for andre grupper, som bryllaupslag og bedriftsgrupper.

- Båten går 15 knop og fungerer svært godt. Tilbakemeldingane frå brukarane er gode. Faktisk er det allereie nesten fullteikna for haustsesongen, seier Holsvik.

Langtidsavtalar med cruiseselskapa

Tysdag er også båt nummer to i sving, det er den oppgraderte katamaranen Gabriele som i 30 knops fart skal frakte 200 cruiseturistar og andre reisande rundt om på nordvestlandet.

Selskapet har sikra seg femårsavtale om frakt av cruiseturistar som kjem til Ålesund.

- Dette er basisen for aktiviteten i sommarhalvåret, men vi har planar om å halde båtane i sving heile året, seier Holsvik.

- Kvalsafari i Nord-Norge er noko av det vi vurderer.



SAMSKAPER: Ina Eldøy er hyrt inn av aktørane bak Cruise Service til å samspele dei ulike initiativa til investorane. - Eit industrieventyr, seier ho.

Foto: Privat

med dette fo

RELATERTE SAKER

Skal løfte sunnmørsk reiseliv gjennom samskaping

Denne båten skal gjere Sunnmøre

OVERSKRIFTENE

900 millioner i utbytte

I løpet av to år har Lerøy-konserne millionar kroner i utbytte frå fiskeb: Havfisk.

Storkontrakt forsinka på ubeste

Hexagon-avtale til ein verdi av kring milliard sett på vent.

Sal sikrar kvoter til nybygga

Rekordhøge inntekter og driftsre båtar og hotellsatsing; det skjer reiarlaget om dagen. Men nye kv ikkje tak på.

Litt opp for Tonning & Stryn

For andre år på rad har Tonning & vekst.

Planlegg nybygg

Både Bruvik og Gabriele har dieselmotorar, og aktørane bak selskapet er klare til å satse på meir miljøvenlege båtar, spesielt for å frakte turistar til verdsarvfjordane.

På teiknebrettet er fleire nybygg, men her er investorane avhengige av å få støtte frå nasjonale støtteordningar for å sikre det beste av ny teknologi.

- Ja, vi har ambisiøse planar, men ikkje noko er endeleg avklart, seier Holsvik.

[Les her: Invester 200-300 millioner](#)

Selskapet har etablert seg med kontor på Skansekaia, medan ein leiger kai plass til båtane ved Fyllingen Slip i Langevåg.

Holsvik seier at over tid vil selskapet satsa andre stader enn på Nordvestlandet.

- Vi har stor tru på konseptet, og erfaringane hittil tyder på at vi har satsa rett.

30 millionar i år

Omsetninga første året stoppa på 1,8 millionar kroner.

- I år vil vi nok passere 30 millionar, seier Holsvik.

Han forsikrar at det ikkje er snakk om å byggje selskapet raskt opp for deretter å selje.

- Nei, dette har vi ein langsiktig horisont på.

- Aktørane bak er oppatt av å byggje opp reiselivstilbodet her i regionen.

Ny cruisekai på Stranda

Frode Kjøllås er involvert i Stranda Skisenter og Stranda Hotel, medan Roger Halsebakk nyleg har kjøpt serverings- og overnattingsstaden Rosenlund på Sandsøya.

Dei to investorane har også nyleg inngått ein intensjonsavtale med Stranda kommune om bygging av ny cruisekai på Stranda.

Dei har også planar om å byggje ei distribusjonshamn som skal bidra til fleire gode og lett tilgjengelege opplevinga for reisande i regionen. Fleire andre norske aktørar med solid internasjonale suksess er med på denne satsinga.

- Strengare reglar for utslepp i verdsarvområdet Geiranger skaper rom for nye løysingar på land og til sjøs, seier Halsebakk.

- Ikkje berre Geirangerfjorden

Han ser mange synergjar frå dei ulike satsingane.

- Blant anna kjem vi til å gå turar frå Ålesund til Sandsøya under årets Arthurspel, og plukke opp passasjerar undervegs.

[Les her: Halsebakk satsar på heimebane](#)

Halsebakk seier at reiselivstilbodet i regionen treng eit slikt tilbod.

- Her kjem stadig fleire turistar, men det er slett ikkje berre Geirangerfjorden som er interessant her i regionen.

- Her er mykje anna interessant å sjå. Det gjeld berre å leggje til rette for opplevingsturar.

Han har investert i Cruise Service gjennom sitt eige investeringsselskap Ronja Capital.

- Dette er noko vi har verkeleg stor tru på, seier han.

Siste artikler



Storkontrakt forsinka på ubestemt tid

Hexagon-avtale til ein verdi av kring ein halv milliard sett på vent.



900 millionar i utbytte

I løpet av to år har Lerøy-konsernet henta ut 900 millionar kroner i utbytte frå fiskebåtreiarlaget Havfisk.



Sal sikrar kvoter til nybygga

Rekordhøge inntekter og driftsresultat, nye båtar og hotellsatsing; det skjer mykje i Ervik-reiarlaget om dagen. Men nye kvoter får dei ikkje tak på.



Litt opp for Tonning & Stryn

For andre år på rad har Tonning & Stryn ein liten vekst.



Nedtur for Sitwell

Inntektene fall for andre år på rad.



Nok en konkurrs i bygg- og anlegg

Til sammen er 22 selskap i bransjen gått overende på Sunnmøre og i Nordfjord i år.

NETT NO

TJENESTER

STILLINGSPORTALEN
SYNSPUNKT
KORT FORTALT
OFFSHORELISTA
NYTT OM NAMN

INFORMASJON

ANNONSERE PÅ NETT NO
DETTE ER NETT NO
PERSONVERN
ABONNEMENT
KONTAKT OSS

SISTE NYTT

STORKONTRAKT FORSINKA...
900 MILLIONAR I UTBYTTE
SAL SIKRAR KVOTER TIL...
LITT OPP FOR TONNING &...
NEDTUR FOR SITWELL

NETT NO

Ansvarleg redaktør: Ogne Øyehaug
Ansvarleg redaktør: Kjetil Haanes
Dagleg leiar: Eirik Staurset

Utgivar:

Bakkar og Berg Media AS
Pb. 142

Kontakt:

Redaksjon: redaksjon@nett.no / Tlf: 95 77 9

Annonse: annonse@nett.no / Tlf: 95 24 72 0

Abonnement: abonnement@nett.no / Tlf: 95

Tips: tips@nett.no

NETT NO arbeider etter Ver Varsam-plakaten sine normer for god presseskikk og Tekstreklameplakaten sine normer for skilje mellom redaksjonelt stoff og reklame/sponsing. Alt innhald på NETT NO er opphavsrettsleg verna. NETT NO har ikkje ansvar for innhald det blir lenka til.